



Etter ein lang og omfattande reguleringsprosess vart det i august gjeve byggjeløyve for Nedre Halsabråtet og no vert det byggjstart. Salsprosessen er også starta, opplysar Lars L. Øyjord i Kvinnherad Byggutvikling i ei pressemelding.

Grunn- og betongarbeider startar rett over nyttår og dei fyrste leilegheitene vil vera innflyttingsklare til sommaren. Det vert 11 husvære fordelt på 4 tomannsbustader og ein tremannsbustad.

Buarealet vil variera frå 90 til 110 kvadratmeter. Det vert livsløpstandard og husa får høg standard som breibandtilknytning og kabel-TV. Det vert felles leikeområde og gode parkeringsmogelegheiter samt mogelegheit for parkering i felles garasjeanlegg.

Leilegheitene finansierast med husbanklån og startlån i kommunen og det gjev gunstige vilkår for fyrstegangsetablerarar, påpeikar Øyjord. Han kjem med detaljert salsprosjekt rett etter nyttår.

Sjølv om prosjektet førebels ikkje er lagt ut i marknaden er det registrert god interesse. 2 husvære er allereie tinga og på listene er det både lokale interessentar og utflytta kvinnheringar på flyttefot heim.

Prosjektet har ei eiga Facebookside der det blir lagt ut løpande informasjon.